

Magnar Tysseland  
Reistadliane 51  
5652 ÅRLAND

Vår dato: 19.11.2018  
Vår ref.: 201702574-7  
Arkiv: 411 / 059  
Dykkar dato: 05.10.2018  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane

## Kvernhusbekken i Mjåtveitvassdraget - Søknad om bekkelukking - Avklaring avrenning Mjåtveitmarka – Gnr. 22, bnr. 190 - Meland kommune

Frå Tysseland Arkitektur AS v/Magnar Tysseland har vi fått tilsendt plan for opparbeiding av utomhusareal – Delfelt B5 – Mjåtveitmarka. Slik vi tolkar vedlegget «kartutsnitt ved Kvernhusbekken» er delar av bekken alt lagt i rør over om lag 50m. Etter kartvedlegget skal bekkelukkinga forlengast med om lag 125m og leggast gjennom eit lite høgdedrag i staden for å gå nordover gjennom myra som i dag – sjå fig. 2 nedanfor. Vi ser av fig. 1. at området B5 er sett av som bustad.




Fig. 1. Reguleringskart der gult er bustadbygging – vedlegg skriv frå Tysseland.




Fig. 2. Skisse bekkelukking. Myrområda er markert kvite. Kartskisse vedlagt skriv frå Tysseland.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Meland kommune har i brev dagsett 13.09.18 gjeve rammeløyve for opparbeiding av utomhusareal. I vilkår 4 heiter det at «Før det kan søkjast om løyve til igangsetjing må plan for utbygging og tilhøva til Kvernhusbekken vere avklart med Fylkesmannen i Hordaland og NVE».

Bekkelukkinga er tenkt gjennomført i lenginga av eksisterande bekkelukking på gnr. 20, bnr. 190, gjennom gnr. 20, bnr. 77 og deretter inn att på bnr. 190. I dag går bekken i rør mot/inn på ei myr for deretter å samle seg att i nordenden av denne. Kvernhusbekken er eit sidevassdrag til Mjåtveitelva. Denne elva har tidlegare hatt ein stamme av elvemusling som seinare år har opplevd høg mortalitet. I fylgje fråsegn frå Fylkesmannen av 09.11.2018 er det framleis individ av elvemusling i Mjåtveitelva. Elvemusling er ein raudlisteart og er registrert som sårbar. Noreg har om lag 40% av elvemuslings-bestandar på verdsbasis. Dette gjev Noreg eit særskilt forvaltningsansvar i høve arten. Særleg yngre individ er særst vøre for ureining i form av partiklar. I ein tidleg livsfase er elvemusling òg avhengig av anadrom fisk som mellomvert. Fylkesmannen peikar på at «...det er eit mål at vasskvalitet og levevilkåra skal bli gode nok til at ein kan reintrodusere elvemusling til vassdraget».

Vår vurdering:

På generelt grunnlag er vi skeptiske til å leggje bekkar i rør. I tillegg til å vere eit positivt landskapselement og viktige for det biologiske mangfaldet, erfarer vi at bekkelukking skaper auka fare for flaumproblematikk. For denne saka let det til at bekken i dag renn der huset skal kome (på bnr. 190) jf. fig. 2. Vi rår derfor i frå å leggje bekken i rør og rår til at ein heller vurderer plassering av bustaden slik at den ikkje kjem i konflikt med bekken slik den ligg i dag.

At Mjåtveitelva framleis har individ av elvemusling som rett nok truleg ikkje er levedyktig, men at det er eit mål å reintrodusere arten i vassdraget meiner vi òg er eit argument for at bekken bør få liggje urørt slik at ein unngår tilslamming ned mot hovudvassdraget. Vi minner då om at myrområdet den renn gjennom i seg sjølv vil ha reinsande effekt på eventuell tilslamming/anna ureining som eventuelt vert tilført bekken oppstraums.

Skulle det likevel vere slik at bekkelukkinga vert godkjent, er det viktig at dimensjoneringa av røra vert vurdert av person med vassdragsteknisk kompetanse og der ein tek omsyn til forventa klimaendringar i dimensjoneringa. Vidare er det viktig at kommunen syter for at avbøtande tiltak i høve ulemper for vasskvaliteten, vert gjennomført og teke i vare ved tilsyn slik Fylkesmannen peikar på i si fråsegn.

Generell informasjon:

I vassressurslova kap. 2 er det gjeve ålmenne reglar om tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i vassressurslova § 5. Paragrafen gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne og private interesser.

NVE gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det syner seg at ålmenne interesser kan verte påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. I slike tilfelle må plan for tiltaket sendast NVE for ny vurdering.

NVE kan med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting for utførte vassdragstiltak som i ettertid vert vurdert som konsesjonspliktige etter vassressurslova. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudsynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

NVE minner om at tiltaket må avklarast i høve anna relevant regelverk som t.d. plan- og bygningslova, laks- og innlandsfiskelova og naturmangfaldslova.



Tiltakshavar kan verte ansvarleg for eventuelle skader og ulemper på ålmenne og private interesser som fylgjer av tiltaket, jf. vassressurslova § 47.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Svein Arne Vågane  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland  
'Tore Johan Erstad (Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no)'